



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for oktober 2018.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK  
12713

Årgang  
54



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Vegard Gjerde  
Visepres: Bjørn Teigene  
Sekretær: Knut Strømsjordet  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Sverre Jarl Ulstein  
Styremedlem: Oskar Grimstad  
Ansv.red.: Åge Nytun  
Referent: Sverre Bjåstad

---

---

## *Det regner i mitt hår*

Det regner i mitt hår  
samme hvor i verden jeg går  
en sølepytt og et blad  
høstens farger gjør meg så glad.  
I nattens måneskinn  
kommer tåka sigende inn  
og når det gryr av dag  
solen varmer  
og gir velbehag.

*Marit Irene Jensen*

---

## **Referat frå Rotarymøte 1. oktober 2018.**

Vi vart ønskt velkomne av president Vegard og sang deretter «Vi vandrer med freidig mot».

Karin Holstad hadde bedt om 3 min og orienterte frå eit møte/foredrag på Ørskog der leiar Erna Berg Rogne orienterte om status og planar vidare vedr. «Mama Clara» og barneheimen i Peru. Karin og dottera hennar Martine reiser saman med Erna til Peru den 16. november. President Vegard m, følgje reiser også.

Vidare refererte Vegard frå Distriktskonferansen som vart halden i Molde med Vestnes RK som vertskap. Denne var svært vellukka og lærerik.

Idar Flø frå Hareid Næringsforum fekk så ordet og orienterte arbeidet dei så vidt har starta på; «VEKST I HAREID»-

Styringsgruppa er samansett av:

*Karl Johan Bakken (leiar), Idar Flø, Bjørn Kaldhol, Eileen Hareide Brandal, ordførar og leiar i «Næring og Miljø»*

Dei har som mål at det skal skapast 200 nye arbeidsplassar i Hareid dei neste 4-5 år!

I kommunen er det no fleire ledige lokale som kan nyttast og bør fyllast opp.

Vi fekk også sjå ein film som illustrerer eit framtidig Hareid Sentrum.

Hareid ligg svært sentralt plassert i høve til framtidig aktivitet i Storfjorden; f.eks. Utvikling og prøving av autonome fartøy og skip!

Karl Johan Bakken fekk ordet og snakka om kva må til for å få «Vekst i næringslivet».

Næringsforumet søker no etter ein person som skal jobbe med dette og skal samle idear og utvikle prosjekt, nytte evt. Rolls Royce.

Karl Johan snakka også om kor unikt vi ligg i høve til samarbeid med Campus Ålesund og har samarbeid med NTNU med fleire. Vi må nytte høvet no og sjå framover med moglegheiter vedr. Storfjorden, Turisme i samarbeid med Hurtigruta evt Stad.

Kva med eit kulturforum?

Fleire hadde ordet i sluttdiskusjon, m.a. Hans G, Oskar og Håvard.

Timen gjekk fort med interessant tema. (Ref.: Vigdis Riise)

## **Referat frå Rotarymøte 8. oktober 2018.**

Møtet vart opna med songen: Lat oss leva for kvarandre.

Orientering frå presidenten. M.a. at det blir Røyrafest måndag 19. nov.

Sverre Bjåstad orienterte om kvifor dagens program hadde falle ut. Asle Geir Johansen snakka om den nye jubileumsboka for Hareid, «*Hareid frå 1917 til 2017*» utgitt av Hareid historielag. Dette var avklara med han. Men for 2 veker sidan melde leiar i historielaget, Finn Sindre Eliassen at Asle Geir var sjuk og ikkje kunne delta. På spørsmål til Finn Sindre om kor vidt han ville kome og snakke om boka, var svaret nei. Dette er andre gong vi freistar ta orientering om boka inn i rotarymøtet vårt. Og med same resultat.

Oppslag i førre lokalavis var at det skulle startast ny vidaregåande skule i Hareid. Ein av initiativtakarane er Knut Strømsjordet. Sverre foreslo at han tok ei kort orientering. Han tok det på sparket og fortalde at avisoppslaget kom litt uventa. Dei ville kome tilbake med grundigare orientering seinare. Han fortalde at skulen hadde gjort avtale om husvære med Melshorn hotell. Skulen skulle ha om lag 200 elevar.

### **Referat frå Rotarymøte 15. oktober 2018.**

Denne veka er det Hareidsstemna. Presidenten ønskte velkomen til møtet og melde at i tråd med tradisjonen i klubben blir møtet programfritt.

### **Referat frå Rotartymøtet 22. oktober 2018.**

Møtet var avsett til årsmelding og rekneskap. Presidenten opna møtet med å minnst Joachim Rønneberg som hadde gått bort. Han hadde bak seg lang fartstid som rotarianar og har vore guvernør i distriktet.

Styret har vedteke å søkje Sparebanken Møre om stønad, kr 125 000 til oppføring av ein gapahuk ved rotarystien.

Sverre Jarl Ulstein gjekk gjennom årsmeldinga og Hanne Rognan rekneskapen og budsjettet. Sjå eigne dokument.

Styret foreslo same kontingent som inneverande år, dvs kr 2500 +500. Rekneskap og budsjett vart godkjende.

Revisor bad styre utarbeide retningslinjer for «Påskjøningar».

### **Referat frå Rotarymøte 29. oktober 2018.**

President Vegard ønskte som vanleg vel møtt til nytt møte og vi song «*Dei gamle fjell i syningom*».

Spesielt ønskte han velkomne 3 gjestar: *Anne Gry Eilertsen. Milena Ferlic og Helga Gunn Bøe.*

Vi vonar at dei vil vere med som medlemmer i klubben. Siste møtet i kvar månad skal vere programfritt, men Karin Holstad fekk likevel vise fram nokre bilete frå kjøkenprosjektet vi er med på i ein liten landsby opp i fjella (3000m o.h.) i Peru. Dette er no ferdig, og det såg svært fint ut samanlikna med slik det såg ut tidlegare.

Siste del av kvelden vart nytta til godt prat rundt borda. (ref.: Vigdis Riise)